

Sveio Taxi DA
Sveigata 63
5550 SVEIO

Dato: 28.08.2015
Vår ref.: 2015/552-46
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Bruk av erstatningskjøretøy for drosje

Me viser til tidlegare kontakt, sist brev frå Sveio Taxi av 15.07.2015 og førebels svar frå samferdselsavdelinga på e-post same dag.

Me vil først presisera at samferdselsavdelinga har gjennomført kontroll av alle drosjeeigarar i Hordaland løyvedistrikt vedrørande bruk av erstatningsbil. Alle som har slik bil med særskilt taksameter har fått likelydande brev. På generell basis vart det vist til at me kjenner til at løyvehavarar nyttar erstatningsbilen utan at vilkåra for slik bruk er tilstade.

Sveio Taxi og mange andre løyvehavarar har vist til kostnadene ved flytting av taksameter og taklykt frå den ordinære drosja til erstatningsbilen og hevda at dette er både dyrt, upraktisk og tidkrevjande. Så vidt ein kan sjå vil løyvehavar med permanent erstatningsbil ha dei same kostnadene med ein bil som i prinsippet må stå som «dauð kapital» det meste av tida.

I fylgje gjeldande regelverk skal taksameter og taklykt frå den ordinære drosja flyttast til erstatningsbilen, når vilkåra for å nytta erstatningsbil er tilstade. Dette har departementet presisert fleire gongar, sist i e-post til samferdselsavdelinga 27.08.2015. Vårt standpunkt står såleis fast og avvikling av erstatningsbilar med særskilt taksameter må finna stad. Av omsyn til likebehandling gjeld dette alle løyvehavarar med permanent erstatningsbil.

Samferdselsavdelinga har forståing for at kortare driftsstans for løyvehavar i distrikta, der drifta i hovudsak dreier seg om kontraktskøyning, har andre konsekvensar enn t.d. i Bergen køyreområde. Dette er bakgrunnen vårt forslag om at det kan søkast om ekstra reserveløyve.

Samferdselsavdelinga vil gjerne ta ein tur til Sveio Taxi og drøfta saka på nytt med sentralen. Aktuelle datoar for oss kan vera tysdag 22. september eller onsdag 23. september eller torsdag 1. oktober. Ta gjerne kontakt for å avtale eit tidspunkt som passar.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.